



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.03.2017
24/2017	Kommunestyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll		15/1351

### HØYRINGSSVAR TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN

#### Vedlegg:

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 Høyring av planforslag

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samanheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnarskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

#### Klassifisering

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesvegar og andre fylkesvegar bør vurderast med tanke på viktige omkjøringsvegar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkjøringsvegar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkjøringsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.

Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjer flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalføra vert hemma av låge tunnellar som treng stressast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamanheng.

#### Klima og miljø:

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på

ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

#### **Trygg skuleveg;**

Ei prioritering av trygge skulevegar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hjertesone» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

#### **Gange og sykkel;**

Å ha gode gang- og sykkelsamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse, areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasé frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

#### **Reiseliv;**

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jamfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegn frå Dalseid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar med flotte natur- og kulturopplevingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.

#### **Kollektivtransport;**

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionssentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den därlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstilande for trygg skuleveg. Vaksdal kommune ber om at fylkeskommunen prioritærer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

#### **Innfartsparkering;**

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 28/2017**

#### **FPØ - Behandling:**

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

## **FPØ - Tiltråding:**

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samanheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnarskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

### **Klassifisering**

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesvegar og andre fylkesvegar bør vurderast med tanke på viktige omkjøringsvegar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkjøringsvegar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkjøringsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.

Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjer flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalføra vert hemma av låge tunnellar som treng strossast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamanheng.

### **Klima og miljø;**

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

### **Trygg skuleveg;**

Ei prioritering av trygge skulevegar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hjertesone» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

### **Gange og sykkel;**

Å ha gode gang- og sykkelamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse, areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasè frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

### **Reiseliv;**

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jamfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegen frå Dalseid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar

med flotte natur- og kulturopplevingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.

#### **Kollektivtransport;**

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionssentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den dårlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstillande for trygg skuleveg. Vaksdal kommune ber om at fylkeskommunen prioriterer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

#### **Innfartsparkering;**

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

### **Kommunestyret - Sak 24/2017**

#### **KOM - Behandling:**

Samråystes vedtak.

#### **KOM - Vedtak:**

Vaksdal kommune vil understreke at byutvikling og vekst langs kollektivaksen aust for Bergen sentrum vil legge til rette for eit klimavenleg utbyggingsmønster og vere eit potensielt stort bidrag i forhold til klimamål. Vekst i transportbehov skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange. Med potensialet for vekst og utvikling som ligg til stasjonsbyane i den miljøvenlege «Bergensbaneregionen» i den statlege utbygginga av ny E16 og jernbane, er det viktig at Vaksdal kommune vert sett i samanheng med, og invitert med i Fylkeskommunen og Bergen kommune sitt samarbeid med regionsenterkommunane, og om Byvekstavtale. Det er naturleg at Vaksdal skal inngå i *byutgreiing for Bergen*. Samordna areal- og transportplanlegging er ei føresetnad for å nå viktige nasjonale og regionale mål, og toglinja austover er ei openbar ressurs som vil stø opp om målsettingane. Regionale partnarskap er viktige, og Vaksdal kommune vil vere ein naturleg samarbeidspart.

#### **Klassifisering**

Kommunen meiner også at inndelinga i overordna fylkesvegar og andre fylkesvegar bør vurderast med tanke på viktige omkjøringsvegar. For samfunnstryggleik og regularitet i vegsystemet er det viktig å ha eit robust vegnett, som inneber alternative løysingar. Fylkesveg 569 frå Dalseid til Mo og fylkesveg 314 over Hamlagrø er eksempel på slike omkjøringsvegar som stadig vert nytta. Vaksdal kommune meiner desse må inngå i overordna fylkesvegnett ut frå funksjon som omkjøringsveg til riksvegnettet, og viktig diagonal i overordna struktur.

Begge desse vegstrekningane har også tunnellar som utgjer flaskehalsar for vekst og utvikling i Eksingedalen og Bergsdalen. Næringsutviklinga i desse dalane vert hemma av låge tunnellar som

treng strossast.

Når det gjeld Fv 343 frå E16 til Vaksdal stasjon/Vaksdal mølle ber kommunen vere merksam på denne med tanke på planlegging og gjennomføring av statleg plan for ny E16 og jernbane, og behov for å prioritere dette både i plan- og budsjettsamanheng.

#### **Klima og miljø;**

For å møte noverande og komande klima- og miljøutfordringar er det nødvendig med fokus på ras/skredsikring. Vaksdal kommune saknar ras/skredsikring som strategi for utvikling av fylkesvegnettet, eventuelt som satsingstiltak på lik linje med fylkeskommunen si prioritering av grøftereinsk og drenering grunna klimaendring, jamfør strategiar side 12. I Hordaland er det særskild dei indre delane, inkludert Osterfjordområdet, som er særleg utsett for naturfarar som skred og flaum, og dette bør følgjast opp i handlings- og investeringsprogram.

#### **Trygg skuleveg;**

Ei prioritering av trygge skulevegar er positivt, og trafikktryggingstiltak som «hjertesone» rundt skulane og tilrettelegging for auka gange og sykling kan med føremon følgjast opp med tilskotsordningar.

#### **Gange og sykkel;**

Å ha gode gang- og sykkelsamband mellom viktige funksjonar er viktig for trafikktryggleik, folkehelse, areal og miljø. Tilrettelegging for dette er viktig kvalitetsheving, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å sikre slik tilrettelegging i og mellom tettstadene og regionsentra ved ny transporttrasè frå Arna til Voss. Ei slik regional rute vil også vere ei nasjonal rute, og på sikt kan dette også vere eit viktig tiltak for reiseliv og anna næringsutvikling.

#### **Reiseliv;**

Vaksdal kommune har mange naturperler langs – og nær fylkesveg, og er positive til å delta i eit prosjekt for tiltak som styrker reiselivet i kommunen, jamfør *handlingsprogram tiltak 5.6*. Fylkesvegen gjennom Bergsdalen, og vegen frå Daleeid (xE16) til Gullbrå i Eksingedalen er strekningar med flotte natur- og kulturopplevelsingar, som kan tilretteleggast med tiltak. Vaksdal kommune ser også at parkering i samband med friluftsliv som på enkelte stader er ei utfordring både for trafikktryggleik, framkomst og drift/vedlikehald.

#### **Kollektivtransport;**

Fylkeskommunen har ei leiande rolle i utvikling av kollektivstrukturen, og Vaksdal kommune vil peike på potensialet tettstadene i kommunen har for vekst og utvikling i kollektivaksen mellom regionssentra. Føresetnadane for ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling er gode, og gjennom kommuneplan og områdeplaner planlegg kommunen for utvikling av attraktive og klimavenlege stasjonsbyar.

Vaksdal kommune vil også peike på den därlege løysinga for bussreisande til/frå tettstaden Dale. Dale er eit viktig stopp langs E16 og Fylkesveg 314 til Bergsdalen. På Dale er også den einaste ungdomsskulen i kommunen, og mange skuleelevar kjem med buss til Dale barne- og ungdomsskule, og med av/påstiging i konfliktområde er dette lite tilfredsstillande for trygg skuleveg. Vaksdal kommune ber om at fylkeskommunen prioritærer dette i vidare planarbeid og inn i ramme for investeringstiltak 2018-2021. På lengre sikt vil Vaksdal peike på dei viktige knutepunkta som stasjonar og haldeplassar som må ivaretakast ved utbygging av nye transportårer mellom Bergen og Voss.

#### **Innfartsparkering;**

Som innspel syner kommunen til at Jernbanedirektoratet er i ferd med å ferdigstille strategi for innfartsparkering langs Vossebana.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024 og er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneholder mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt som tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeida eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i investeringsprogram for fylkesvegnettet.

### **Om tilhøve til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet**

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) er sendt ut på ei avgrensa høyring i perioden 20. februar til 1. april 2017. Informasjon om planarbeidet er tilgjengeleg på våre heimesider: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Kap. 7 i RTP, Transport i Bergensområdet, og kap. 4.3 i RATP, Regionalt transportsystem, er utarbeida som eit felles kapittel for desse to planane. Eventuelle endringar, som følgje av høyringa, skal koordinerast fram mot endeleg vedtak av begge planane i fylkestinget i juni 2017.

### **Særskilte tema og spørsmål i høyringa**

Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram og investeringsprogram, vert det lagt opp til eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Planforslaget er i all hovudsak eit overordna strategisk dokument. Fylkeskommunen ønskjer i særleg grad innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak.

### **Vurdering**

Dette er eit overordna dokument som gjer greie for fylkeskommunen sine mål og strategiar for planperioden. Den har eit *handlingsprogram* som vedlegg, og som i tillegg skal følgjast opp gjennom to program; *Investeringsprogram for fylkesvegnettet* og *Handlingsprogram for Kollektivstrategi for Hordaland*.

Rådmann vurderer det som viktig for kommunen å delta i arbeidet med desse programma.

*Investeringsprogrammet skal inkludere og erstatte dei årlege plan- og byggeprogramma og handlingsplan for trafikksikring. Programmet skal rullerast kvart år, slik at ein ikkje mister fleksibiliteten i forhold til endringar ved budsjett og vedtak. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2017.*